



**Møtebok
for**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtedato: 23.09.2019
Møtested: Kommunestyresalen
Møtetid: 13:00

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Jannicke Helland	AP	Utvalseiar
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Nestleiar
Johannes Kolås		Medlem
Anna Hella Kartveit		Medlem
Mai-Liss Sylta Møn	U	Medlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Berly Hella		

Andre møtande:

Underskrifter:

Jannicke Helland
Ordførar

Arthur Kleiveland
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
012/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
013/2019	Godkjenning av møtebok
014/2019	Meldingar og referatsaker
015/2019	Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
012/2019	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	23.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/1803	19/13142

Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksopplysingar:

Sakspapir vert sendt på e-post og sendt ut i papir.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 012/2019**RMNF - handsaming:**

Rådet godkjende innkalling og saksliste.

RMNF - vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjend.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
013/2019	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	23.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/1803	19/13108

Godkjenning av møtebok

Saksopplysingar:

Møtebok for møte 15. mai vert lagt fram.

Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjend

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 013/2019**RMNF - handsaming:**

Rådet godkjende møtebok for møte 15. mai.

RMNF - vedtak:

Møteboka vert godkjend.

Vedlegg:

Møtebok - Møte i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 15_mai 2019

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
014/2019	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	23.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	19/1803	19/13137

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og referatsaker:

- Aktuelle plansaker i Radøy - orientering v/arealplankonsulent Rolf Raknes
- Oppgradering av omsorgsbustad – riving/nybygg kommunale bustader – orientering
- Bygging Alver kommune – innbyggjar-rettleiing/kundetorg – orientering Anne Dahle Austrheim
- Det nye helsehuset for Nordhordland – orientering v/kommunalsjef Grete Herøy
- Forvaltningskontor Alver – orientering v/kommunalsjef Grete Herøy
- Politisk struktur Alver kommune – vedtak i fellesnemnda for Alver - vedlegg
- Politisk rekneskap – råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Framlegg til vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 014/2019

RMNF - handsaming:

Arealplanleggar Rolf Raknes orienterte om aktuelle plansaker i Radøy
Prosjektlear Stian Marøy orienterte om framdrift i arbeidet med riving/bygging av kommunale bustadar, og oppgradering av omsorgsbustader
Kommunalsjef Grete Herøy orienterte om det nye Helsehuset for Nordhordland
Kommunalsjef Grete Herøy orienterte om forvaltningskontor for Alver
Leiar kultur- og sørvistorget, Anne Dahle Austrheim orienterte om bygging av Alver kommune - med fokus på innbyggjar-rettleiing/kundetorg

Politisk rekneskap for råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Leiar i råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Jannicke Helland, la fram eit "politisk rekneskap" over saker rådet har jobba med i denne fireårs-perioden.

Rådet hadde sitt første møte 4/2-16, og drøftingane her har vore med på å danna grunnlaget for det rådet har jobba med desse fire åra:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å vera eit talerør for heile breidda av rådet sine grupperingar. Rådet vil bli sett og brukt, og kan tenkja seg å invitara til eit fellesmøte med lag innanfor rådet sitt arbeidsfelt for å få innspel og få kartlagt behov frå brukarane. Brukarmedverknad

er viktig, og rådet vil bli høyrd i alle relevante saker. Rådet er sjølv innstilt på å kjøra fram aktuelle saker og skapa engasjement.

Rådet er mellom anna opptatt av at det må leggest betre til rette for menneske med ulik nedsett funksjonsevne. Det gjeld mellom anna tilrettelegging av tilkomst både til offentlege bygg og anlegg. Særleg ved nybygg er rådet opptatt av å seia frå om at det må leggest til rette for rullestolbrukarar og andre grupper med nedsett funksjonsevne. Det gjeld også på skular og barnehagar. Rådet peikar også på behov for øyremerkte P-plassar både ved Gamle prestegarden og ved kyrkja. Rådet ser også klart behov for tilrettelagt badeplass og universell utforma turløype.

Frå møtet 17/10-16

Rådet drøfta ei rekkje aktuelle utfordringar og tiltak og kjem med følgjande innspel til handsaminga av 2017-budsjettet: -

- Baderampe for rørslehemma ved badeplass – BOF set ikkje opp rampe utan handicap-toalett er på plass. Kommunen må få fortgang i denne saka – baderampe er eit lenge omsnakka prosjekt.
- Sjølvbetjent heis i terapibassenget – slik at brukarar kan koma seg i og ut av bassenget ved eiga hjelp. –
- Rampe for rullestol på baksida av rådhuset
- Inngang kommunestyresalen (rullestolbrukar kom seg ikkje inn i kommunestyresalen via heisen på forrige møte) –
- Må oppretthalda stillinga som ungdomskoordinator (førebyggjande helsearbeid og viktig ungdomstiltak) –
- Må styrka skulehelsetenesta og få etablert helsestasjon for ungdom lokalt. –
- Psykisk helse og rusomsorg er eit område som framleis må ha stort fokus. –
- Dagtilbod til flest mogleg heimebuande eldre – mange er einsame. Brukarstyrte dagtilbod må byggast ut. –
- Rådet etterlyser bustadsosial handlingsplan – det er behov for kommunalt bustadtilbod til ulike grupper. –
- Framhevar den viktige funksjonen Frivilligsentralen gjer på ulike felt – særleg overfor eldre heimebuande – med middagskjøring – eit viktig tiltak som bidreg til å skapa tryggleik i heimen. Frivilligsentralen bidreg også med hjelpande hender på mange andre område. Frivilligsentralen må inkludera alle – også menneske med nedsett funksjonsevne – t.d. på turar til sørlegare breiddegrader – der denne gruppe ikkje får vera med.

Rådet drøfta saka og kjem med følgjande innspel til budsjettet:

- Det må leggest til rette badeplass for rørslehemma (universell utforming og tilkomst)
- Det må monterast handicap-inngang til kommunestyresalen. Ordninga med heis er ei dårleg og

usikker løysing for rullestolbrukarar

- Det er behov for brukarstyrt heis i terapibassenget i Radøyhallen
- Det er behov for breiare badestige i terapibassenget, for å gjera tilgangen lettare for rørslehemma
- Det er viktig å få ut informasjon til alle husstandar om velferdsteknologi.

Det vart også understreka behovet for universell utforma badeplass

Kommunalsjef Lisbeth Alvær orienterte om saka. Ho peika på at det i området ved Nesvatnet er bygt gapahuk, og at det er konkrete planar for universelt tilrettelagt toalettanlegg. Det er også bygt universelt turløype hit. Alvær gav uttrykk for at det vil liggja godt til rette for å få på plass ein baderampe for rørslehemma/rullestolbrukarar her. Rådet er svært positiv til at det vert lagt til rette for ein universell utforma badeplass i kommunen og gav uttrykk for at det fine friluftsområdet ved Nesvatnet (nedanfor Radøyhallen) vil vera ein god plass. Samtidig vart det peika på at tilkomsten til området kan vera utfordrande for dei som t.d. brukar manuell rullestol. Det vart vidare peika på at trebruene langs vegen kan bli glatte og ser behovet for tiltak for tryggare tilkomst. Rådet vurderer også om det kan vera aktuelt med synfaring før universell badeplass blir bygt. Det vart sett fram følgjande fellesframlegg i møtet: Området ved Nesvatnet (nedanfor Radøyhallen) er den rette plasseringa av ein universelt utforma badeplass.

Representantar frå råda hadde Samrådsmøte med formannskapet mars 2017 - der aktuelle saker vart drøfta.

Frå møtet 4/12-17

Heis Manger skule: Utvalsleiar Jannicke Helland orienterte om skriv/klage på tilstand for heis ved vestfløyen på Manger skule. Vedkomande ber om at det vert gjort synfaring. I skrivet blir det peika på at forholda for rullestolbrukar ikkje er tilfredsstillande, og det vert også stilt spørsmål ved rutine og praksis ved straumbrot eller brann.

Rådet drøfta saka og understreka at det er viktig at det er trygt å bruka heisen. Rådet peikar på at det alltid skal vera nokon som er kyndige i bruk av elektriske installasjonar.

Rådet vil følgja opp denne saka og meiner vedkomande må få skriftleg svar.

Frå møtet 15/2-18

Bustadsosial handlingsplan: Det vart ikkje orientert om utkast til bustadsosial handlingsplan i dette møtet, fordi planarbeidet ikkje er avslutta. Råda er opptatt av å få planen framlagt når den er ferdig. Det vert mellom anna peika på at det er mangel på bustader til vaksne funksjonshemma. Råda etterspurde også status og framdrift for kartlegging innanfor Omsut.

Heis/rampe Manger skule: Rådmann Jarle Landås orienterte om status i saka. Han opplyste at familien som har tatt opp utfordringane knytt til bruk av rampe/heis har fått skriftleg svar på spørsmål dei har stilt. Rådmannen forklarte at plattformen i løfterampen vart litt mindre enn standard i samband med rehabilitering av skulen. Plattformen skulle vore litt breiare utifrå Tek 10-standard, men rådmannen han viste til at ekstern ansvarleg prosjekterande har konkludert med at dette likevel er ei forsvarleg løysing. Rådmannen viste til at skulen har rutinar for bruk, tilsyn og avviksrapportering. Han peika også på at det er konkrete planar om å setja opp eit paviljongbygg ved skulen, og at nye klasserom her kan løysa utfordringa med løfterampe. Rådet ber om ei skriftleg tilbakemelding når dei ulike forhold knytt til denne saka er løyst.

Rådet gav uttale til endring i postomberinga og peika på ei rekkje utfordringar knytt til det nye opplegget frå Posten.

Frå møtet 30/4-18

P-plassar: Johannes Kolås tok opp utfordringa med tilgjengelege parkeringsplassar for gjestar ved

rådhuset. Han meiner det bør etablerast enkelte P-plassar øymerkt gjestar på framsida av rådhuset. Rådet peika også på behovet for handicap-parkering ved offentlege bygg, og viste til at desse plassane til tider kan vera okkuperte av folk som ikkje har rett til å bruka desse plassane.

Dørrar i Radøyhallen: Leiar i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Jannicke Helland, reiste spørsmål om fargebruk ved oppgraderinga i Radøyhallen. Ho peika at synshemma kan oppfatta det som at fargane på dørrar og veggjar går i eitt, noko som kan skapa problem med å ta seg fram på eiga hand i hallen. Rådet oppmodar kommunen om å gjera noko med dette, og på ein tydeleg måte å markera kvar dørrane er

Frå møtet 10/9-18

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne drøfta aktuelle innspel til budsjett for 2019.

Det vart peika på følgjande:

- Det er behov for større plass til rullestol-brukarar i garderobane for terapibassenget. I dag er det veldig trangt når det er fleire rullestolbrukarar samtidig, slik situasjonen faktisk er. Difor er det viktig å få betre tilkomst og utvida garderobeforhold for denne gruppa. Det kan t.d. vera ei løysing å laga ny garderobe i området ved basseng-terrasse.

- Det er også viktig å få på plass heis i terapibassenget - slik at rullestolbrukarar kan vera sjølvhjelpen med å koma seg i - og opp av bassenget utan å vera avhenging av hjelp.

- Rådet ber også om at det vert sett fortgang i arbeidet med å få på plass baderampe for rullestolbrukarar ved Nesvatnet.

- Rådet ser klart behov for betre P-forhold for funksjonshemma ved legesenteret på Manger.

Rådet slutta seg til innspel som vart sett fram i møtet.

Frå møtet 12/11-18

Ny garderobe med universell utforming knytt til terapibasseng og ny heis i terapibassenget er lagt inn med 1 mill. kroner i investeringsbudsjett for 2019. Økonomisjefen sa at kommunen er i dialog med BOF om baderampe for rullestolbrukarar ved Nesvatnet. Det vert også arbeidd med betre parkeringstilhøve for funksjonshemma ved legesenteret.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne viser til at rådet tidlegare har drøfta - og gjort framlegg om gratis SFO for born med nedsett funksjonsevne i 5.-7. klasse. Rådet vil jobba vidare for å få gjennomslag for denne saka.

Rådet vil generelt gje uttrykk for at dei er tilfreds med budsjettet. Leiar i rådet, Jannicke Helland, gav uttrykk for at det er kjekt at rådet har fått gjennomslag for innspel.

Politisk styringsstruktur Alver kommune

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Radøy ønskjer at Rådet i Alver kommune kjem med uttale i saker som er særleg viktige for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette gjeld mellom anna arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne. Det er viktig at rådet får kome med uttale på eit tidleg tidspunkt. Me meiner dette er med på å sikre god brukarmedverknad. Rådet kan og ta opp eigne saker.

Rådet bør bestå av 9 medlemmar med vara. Val av representantar skal følgje «Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m»). Det er eit ønskje at leiar eller nestleiar skal vere ein representant frå brukarorganisasjonane.

Når det gjeld møtetidspunkt er det høveleg at møta vert lagt til dagtid. Me ser for oss at det kan vere naturleg med møte ein gong pr. månad, oftare dersom sakshandsaming krev det.

Rådet vedtok framlegg til vedtak sett fram i møtet

Frå møte 5/3-19

Baderampe ved Nesvatnet: Kommunalsjef Grete Herøy informerte om arbeidet med universell bade plass og baderampe for rørslehemma ved Nesvatnet.

Rådet understrekar at det må vera god dialog med brukargruppene i dette prosjektet, for å sikra gode løysingar.

Kommunalsjef Grete Herøy lova å vidareformidla oppmodinga til rette instans.

Heis i terapibassenget: Rådet har tidlegare tatt opp behovet for betre heis-opplegg i terapibassenget i Radøyhallen. Berly Hella og Anna Hella Kartveit forklarte problemstillinga med dagens heisordning, som gjer det vanskeleg for rullestolbrukarar å bruka terapibassenget. Mellom anna er det for tungt å sveiva heisen for å koma seg opp att frå bassenget.

Kommunalsjefen vil ta denne problemstillinga med seg.

Frå møtet 15/5-19

Det vart mellom anna gjort følgjande vedtak i rådet i sak om politisk styringsstruktur:

- Det er viktig at råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Alver kommune i første periode vert sikra representantar frå alle dei tre kommunane - tilsvarande ved val av varafolk.
- Leiar i rådet bør vera ein av representantane frå brukar- og interesseorganisasjonane.
- Rådet må bli tidleg involvert slik at at ein kan koma med uttale og tilråding før politiske vedtak vert gjort.
- Det er høveleg at møta vert lagt til dagtid. Me ser for oss at det kan vere naturleg med møte ein gong pr. månad, oftare dersom sakshandsaming krev det.

Rådet tok meldingar og referatsaker til orientering med tillegg sett fram i møtet.

RMNF - vedtak:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering.

Vedlegg:

Politisk styringsstruktur - råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebok fellesnemnda 02.09.2019

Møtebok fellesnemnda 02.09.2019

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
016/2019	Radøy eldreråd	PS	23.09.2019
015/2019	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	23.09.2019

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	19/1798	19/13089

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver

Saksopplysingar: Bakgrunn

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Eldrerådet og i Levekårsutvalet.

Fellesnemnda Alver gjorde 02.09.2019 følgjande vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert sendt ut på høyring. Høyringsfrist er 04.10.19.

Høyringsframlegget vart lagt ut på Meland, Radøy og Lindås kommune sine nettsider 03.09.19 og kunngjort i lokalavisa.

Vurdering

Høyringsframlegget vert lagt fram for politisk diskusjon i eksisterande organisasjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for politisk høyring

Radøy eldreråd - 016/2019

ELD - handsaming:

Kommunalsjef Grete Herøy orienterte om forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver.

Eldrerådet tok høyringsframlegget til orientering.

ELD - vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert tatt til orientering.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 015/2019

RMNF - handsaming:

Kommunalsjef Grete Herøy orienterte om forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne tok høyringsframlegget til orientering.

RMNF - vedtak:

Framlegg til forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune vert tatt til orientering.

Vedlegg:

Fellesnemnda Alver _ Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune - vedtak_

Forskrift om tildeling av langtidsopphald i institusjon i Alver kommune